

Vestland Gymnastikk- og Turnkrets
og IL Høyang Turngruppa inviterer til

Aktivitetsdag for born frå 1. – 4. klasse i Høyanger 27. april 2024

Aktivitetsdagen startar med felles oppvarming i Høyangerhallen. Deretter deltek utøvarane på ulike aktivitetar inne og ute. Etter at aktivitetane er over, blir det defilering og oppvisning. Her viser gruppene i dei ulike klubbane fram kva dei har øvd på denne sesongen. Aktivitetsdagen blir avslutta med medaljeutdeling.

Aktivitetar i Høyangerhallen

- Tumbling
- Trampett
- Hinderløype
- Dans
- Innebandy

Aktivitetar utanfor Høyangerhallen

- Natursti
- Tuftepark
- Stikkboll

Klede

Turndrakt eller treningsklede i klubben sine fargar. Då nokre av aktivitetane er utandørs, må utøvarane ha ytterklede etter været.

Lagleiarar

Alle lag må ha med seg tilstrekkeleg med vaksne til å ta seg av sine utøvarar under aktivitetane og arrangementet elles. Det er også mogleg at føresette følg utøvarane på aktivitetane.

Mat

Det vil open kiosk med sal av mat gjennom heile arrangementet. Vi legg ikkje opp til felles matpause. Alle utøvarar får ei pølse med brød, frukt og ei flaske med vatn.

Anna informasjon

Program med tider og meir informasjon blir sendt ut til påmeldte lag i veke 15.

Vi har ikkje utstyr til apparatturn (bom, skranke o.l.). Klubbar som treng det til eiga oppvisning, tek utstyret med sjølv.

Påmelding

Pris for påmelding 300,- per utøvar. Samla betaling frå påmeldte klubbar til IL Høyang Turngruppa på kontonummer 3705.23.34854. Merk innbetalinga med klubbnamn og Aktivitetsdag 2024. Betalingsfrist 15. april.

Vedlagte påmeldingsskjema fyllast ut av klubben og sendast til

ilhoyangturn@gmail.com.

Påmeldingsfrist 7. april 2024. Påmeldinga er bindande!

Venleg helsing

IL Høyang Turngruppa og Vestland Gymnastikk- og Turnkrets